



Bente delte ut refleksvestar.

**Under den store kundefesten til SPAR sist laurdag var absolutt alt gratis. Alle kunne ha lommeboka godt nedi lomma heile tida! Og det var ikkje berre god underholdning og rikeleg med servering som var gratis. Mange kunne også gå heim med premiar, gevinstar og gåver etter den storslagne festen.**

Dagleg leiar Bente Nilsen delte ut haugevis med refleksvestar. Denne gongen var det dei vaksne som fekk. Bente sa det slik til uskedalen.no:

- Vi har gjennom åra delt ut fleire tusen vestar til born så denne gongen er det dei vaksne sin tur.

Refleksvesten er viktig i trafikken enten vi går eller sykklar. No vert det spennande å sjå om dei vaksne er like flinke å kle seg trygt i trafikken som borna. Det er eit flott signal, og eit godt slag for trafikksryggleiken at SPAR og andre deler ut refleksvestar.

Tekst, foto og nett: Thor Inge Døssland